

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 18.12.2020, kl. 09:00-15:45

**MØTESTAD:** Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem (deltok frå Styrerommet)
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem (forfall i sak 079/2020)
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

### Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå Styrerommet)

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Frode Schanke, IKT-sjef  
Vidar Vie, spesialrådgjevar (sak 077/2020)  
Ingelin Skadal, prosjektleiar (sak 081/2020)  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Tonje Bøyum Riste, avdelingssjef  
Marit Solheim, forskingsleiar (sak 80/2020)  
Guro Mjanger, seksjonsleiar (sak 080/2020)

## SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel	
073/2020	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
074/2020	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.11.2020	
075/2020	Administrerande direktør si orientering	
076/2020	Rapportering frå verksemda per november 2020	
077/2020	Årleg melding 2020 for Helse Førde HF	
078/2020	Budsjett 2021 – Helse Førde HF	
079/2020	Investeringsbudsjett 2021 – Helse Førde HF	
Saker til orientering:		
080/2020	Statusrapportering om forskning og innovasjon i Helse Førde	
081/2020	Nye Førde sjukehus - løypemelding	
082/2020	Eventuelt Skriv og meldingar	
<u>Lukka del:</u>		
083/2020	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn	Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr 1

Styret si eigenevaluering 2020

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte.

## STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Avdelingssjef Tonje Bøyum Riste orienterte om:

### **Patologi – eit fag i utvikling og vekst i Helse Førde**

Patologi er lære om årsaker til sjukdom. Avdeling for patologi stiller diagnosar på vev og celleprøver. Ein diagnose frå patologen kan avgjere om pasienten har kreft eller ikkje, og er eit viktig grunnlag for at pasienten skal få best mogeleg behandling for sjukdomen sin.

Patologifaget starta 1900 med klassisk patologi. 1980 var første revolusjon med immunhusokjemi, i 2000 var andre revolusjon med molekylærbiologi, og 2020 er tredje revolusjon med digital patologi. I Helse Førde var oppstart av patologiavdelinga i 2006, og var først i helseregionen.

Alle analysar og prøver vert granska av patolog:

- Histologi – vevsprøver
- Cytologi – celleprøver
- Molekylærbiologi – arvestoff

Morfologisk gransking er grunnlag for alle diagnosar. Patologiens rolle i kreftbehandling vart skissert.

Aktivitet i avdeling for patologi viser ein vekst på 6,2%, trass i pandemien.

Våre utfordringar er at talet på prøver opp 40% innan 2025. Det blir meir komplisert diagnostikk per pasient og fleire prøvar per pasient.

Behovsutvikling patologar med ulike scenario vart skissert.

Utvikling 2020-2025 har fokus på: kapasitet, kvalitet, kompetanse, forskning og innovasjon.

Det største prosjektet er regional digital patologi, med digitalisering av alle vevsprøvar i Helse Vest. Helse Førde var først opp med ny løysing i november 2021.

Andre store prosjekt er screening for tarmkreft som vert innført i 2021. Tredje store prosjekt er persontilpassa medisin med presisjonsdiagnostikk. Målet er regional implementering innan tre år.

Målet er likeverdig, rask og sikker diagnostikk ved patologiavdelingar i Helse Vest.

*Styret takka for ei interessant og god orientering om fagfeltet patologi.*

## **Sak 073/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om køyrereglar for dagens videomøte.

- Styremøte hadde fagleg orientering
- To saker var ettersendt 14. desember, via e-post og lagt i Admincontrol:
  - 078/2020 Budsjett 2021 – Helse Førde HF
  - 079/2020 Investeringsbudsjett 2021 – Helse Førde HF
- Vedlegg 2 til styresak 080/2020 var ettersendt 15. desember, via e-post og lagt i Admincontrol

Nye dokument var utsendt til styret 17. desember:

- Vedtak i FAMU 16.12.2020 knytt til utkast til budsjett og investeringsbudsjett 2021

- Drøftingsprotokoll frå møte med tillitsvalde 16.12.2020 vedr. utkast til budsjett og investeringsbudsjett for Helse Førde 2021

**Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 074/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.11.2020****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.11.2020.

**Sak 075/2020 Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia om rekruttering i stillinga som stadleg leiar ved Lærdal sjukehus. Margun Thue blir i stillinga ut februar 2021.

Helse Vest har starta eit arbeid for å utarbeide systematikk, struktur og arbeidsform for risikostyring framover.

Adm. direktør ønskjer å legge fram ei sak for styret i januar 2021 om korleis ein vil arbeid med risikostyring i Helse Førde.

Nytt punkt 8 vert «Oppfølging av ulykke med vikar».

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Korona – status i Helse Førde**

Fagdirektør Helleseth orienterte om status korona i Helse Førde, som viser talla for Helse Førde

- I karantene: 2
- Innlagt: ingen
- Totalt 15 innlagde pasientar
- Dødsfall:1
- Veke 49: 1291 analysert, 24 hurtigtestar, 3 positive
- Veke50: 1282 analysert, 14 hurtigtestar, 4 positive

Førebuing for vaksinerings pågår, og vaksineutvalg er oppretta i Helse Førde.

#### Prioritering av vaksine:

Føringar frå Folkehelseinstituttet (FHI) er slik:

1. Risikogrupper:
  - Sjukeheimar/omsorgsbustader
  - >65 år
  - 18-64 med komorbiditet
2. Helsepersonell

Smittevernråd vil framleis gjelde i lang tid.

Folkehelseinstituttet har ansvar for koronavaksinasjonsprogrammet – gir retningslinjer for leveranse, lagring, distribusjon og gjennomføring. Sjukehusapoteka har prosedyre for mottak, lagring, pakking og utlevering.

## **5. Prehospital plan – båtambulanses status**

Direktør Guldhav orienterte om anbod ny ambulansesbåt, som omfattar:

- Område Solund: Vidar Hop Skyssbåtar AS
- Område Askvoll: Askvoll Skyssbåtar AS
- Samhandlingsavtale: Vestland fylkeskommune om båt i Florø

Alle avtalane går ut 30. april 2022. Det har vore ein god prosess med Sjukehusinnkjøp.

Helse Førde skal frå 1. mai 2022 berre ha ein avtale, som inneheld to båtar og ein reservebåt. Ein ny båt skal stasjonert i Solund. Ein båt, kan vere brukt, stasjonert i Florø.

*Styret stilte spørsmål om anbodet tek høgde for krevjande farvatn og kaitilhøve for dei aktuelle båtane og fekk stadfesting på at ein har kompetanse med som sikrar dette.*

## **6. Status lærlingar**

Jf. notat

## **7. Helikopterlandingsplass og nye redningshelikopter**

Direktør Midtbø orienterte om landingsplass for nytt redningshelikopter.

NRK avslører at nye redningshelikopter kan berre lande på seks akuttsjukehus.

Landingsplassar ved våre sjukehus:

- Førde: SAR Queen kan operativt lande på dagens helikopterdekk helipad
- Eid: SAR Queen kan operativt lande på dagens «helipad». Trafikk må stoppast, og Helse Førde må etablere prosedyre.

- Lærdal: Dagens asfaltert plass er ikkje eigna. Alternativ må vurderast.

SAR Queen landa i Førde 12. desember 2020.

## 8. Oppfølging av ulykke med vikar

Adm. direktør Varden orienterte om leiteaksjonen førre helg, som vart eit tragisk utfall for innleigd vikarsjukepleiar frå Power Care.

Det vart kalla inn til beredskapsråd, der vi tok ansvar som om det var vår tilsett.

Direktør Tvedt orienterte om oppfølging av pårørande og dialog med Politiet og interne ressursar. Avdelinga fekk oppfølging av Bedriftshelsetenesta. Vi hadde ei minnestund på måndag 14. desember i Medisinsk avdeling.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingar til orientering.

## **Sak 076/2020 Rapportering frå verksemda per november 2020**

### **Oppsummering:**

*Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:*

- Aktiviteten i november vår lågare enn budsjett. Innanfor somatikk og H-resept var aktiviteten målt i DRG-poeng 89,7 prosent av budsjettert aktivitet og 94,8 prosent samanlikna med førre år
- Aktiviteten har hatt ein nedgåande trend dei to siste månadane samanlikna med budsjett og då spesielt innafor dag/døgn i somatikken
- Resultatet i november er eit overskot på 89 millionar, som er 85,2 millionar betre enn budsjett
- Til no i år er resultatet eit overskot på 121,5 millionar, som er 89,3 millionar betre enn budsjett
- Prognosen for året er ca 70 millionar betre enn budsjett
- Sjukefråværet var i oktober 7,3 prosent

*Fagdirektør Helleseth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik*

- Trygg kirurgi, viser stabil registrering av sjekklister på nær 100 prosent
- Trygg pleie – fall, viser 80 prosent i november, mot 77 prosent i førre månad
- Trygg pleie – trykksår, viser 76 prosent i november, mot 75 prosent i førre månad
- Trygg pleie – ernæring, viser 65 prosent i oktober, mot 65 prosent i førre månad
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid, viser at vi ikkje når krava for somatikk og TBU

- Fristbrot, viser 137 nye i november
- Belegg på sengepost, viser 11 pasientar på korridor i november
- Akuttmottak – sepsis/blodforgiftning: oppstart av antibiotika for orange og raude pasientar siste 13 månader

*Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Resultat i perioden var eit overskot på 89 millionar, som er 85,2 millionar betre enn budsjett. Dette er historisk høge tall. Ekstraløyving for pandemien og personalkostnader knytt til pandemien gir utslaga. Den underliggande drifta er i balanse.

Aktiviteten ligg på ca. 90 prosent av budsjettert aktivitet. Pandemien har hatt stor påverknad på aktiviteten.

Samla sjukefråvær i oktober var 7,3 prosent. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månader er 6,7 prosent.

Brutto månadsverk i perioden var 2375 og netto månadsverk var 2210, som begge viser auke.

Direktør Tvedt orienterte om sjukefråværet i Psykisk helsevern, og at ein vil følge opp enkeltavdelingar der fråværet er stort.

*Styret takka for ein god gjennomgang av rapportering, og gav honnør til arbeidet i føretaket i eit krevjande år.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per november 2020 til vitende.

## **Sak 077/2020    Årleg melding 2020 for Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Årleg melding 2020 er ei tilbakemelding på og vurdering av aktivitetar og tiltak i Helse Førde etter ein mal basert på styringsdokumentet.

Helse Førde har gjennom mange år levert gode kvalitetsresultat. Pandemien, og tiltaka som vart innførte på grunn av den, har påverka fleire av desse resultatane. Generelt vart ventetidene lengre, fristbrota og korridorpatientane fleire, og aktiviteten gjekk ned. Men utslaga var ulike i dei forskjellige delane av sjukehusdrifta.

Psykisk helsevern lukkast i stor grad med å halde oppe aktiviteten. Mellom anna ved utstrekt bruk av video- og telefonkonsultasjonar. Drifta i medisinsk og kirurgisk klinikk

har vore sterkt prega av tiltaka under pandemien i heile år. All elektiv drift som kunne vente stansa opp i vår, og dei fleste avdelingane unntatt kreftområdet fekk lengre ventetid. Desse klinikkane har også hatt auke i korridorpatientar og fristbrot i 2020.

Andre oppgåver har vore moglege å utføre utan at arbeidet i same grad har vore prega av pandemien. Utbygging av Nye Førde sjukehus er eit omfattande prosjekt og eit viktig løft for å sikre ei god ramme for framtidige spesialisthelsetenester til innbyggjarane i tidlegare Sogn og Fjordane. Dagabygget (nybygg psykisk helsevern) er ferdigstilt innom og utomhus i samsvar med framdriftsplanen. Planlegging av Livabygget (nybygg somatikk) er under ferdigstilling.

Arbeidet med å etablere meir forpliktande helsefellesskap er forseinka grunna covid-19-situasjonen. Men som det går fram i årleg melding, har pandemien også ført til eit nært samarbeid og hyppige møte med kommunane.

Økonomisk prognose tilseier at budsjettkravet på 36 millionar vert nådd med god margin.

*Adm. direktør Varden innleia om at årleg melding også i år vert framlagt for styret i desember. Det endelege dokumentet vert sendt til Helse Vest innan 15. januar 2021. Styret får utdelt det endelege dokumentet i neste styremøte.*

*Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om årleg melding 2020, som omfattar heile organisasjonen/drifta, men ikkje alt vi driv med. Når krava vart utarbeidde for 2020, visste ein ikkje om Covid-19, så spørsmåla dreie seg ikkje om det.*

*Dokumentet omhandlar:*

- *Helsefaglege styringsmål*
- *Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023*
- *Krav og rammer 2020*
- *Ressursgrunnlaget*
- *Plandokumentet*

*Styret kommenterte:*

- *Meldinga er god og oversiktleg*
- *Innleiinga kan med fordel innehalde kommentar på korleis vi oppfyller prioriteringskrava inkl positive resultat innan psykisk helsevern*
- *Konkrete merknader:*
  - *Side 26, skrive meir om IKT sikkerheit, også i lys av RR-rapport*
  - *Side 34, presisering tall på deltid bør inkluderast*
  - *Tabell om innovasjonsaktivitet, vi er på 2. plass, dette er positivt for oss som er eit lite føretak. Honnør til organisasjonen for det ein klarer å få til på innovasjon.*
  - *Bekymring om bruk av breispektra antibiotika viser auke, ev vurdere å ta inn i den faste styrerapporteringa*
- *Format på meldinga bør vurderast, om det er formålstenleg med så detaljert dokument, eller om ein kan gjere det enklare. Gjennomgang av oppsett for dokument blir vurdert i Helse Vest*



Styreleiar Landstad oppsummerte:

- Legge inn «Styret si oppsummering av året som har gått», med styret si stemme inn i innleiinga av dokumentet.
- Kommentere meir på Gylne regel i innleiinga og i dokumentet
- Rettingar til detaljer i dokumentet (årstall m.m.) blir sendt direkte til utviklingsdirektøren

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret godkjenner årleg melding 2020 for Helse Førde HF.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til tala før årleg melding blir send til Helse Vest RHF 15. januar 2021.

**Sak 078/2020    Budsjett 2021 – Helse Førde HF**

**Oppsummering:**

Budsjettframlegget for 2021 syner eit overskot på 34 millionar kroner. Dette er i tråd med økonomisk langtidsplan.

Pandemien i 2020 har hatt stor påverknad på resultatet, og på fleire postar har Helse Førde store avvik i forhold til budsjett. Dette heng også saman med måten ein har budsjettert ekstraløyvinga på 98,2 millionar.

*Styreleiar Landstad innleia med at budsjettet var ei godt oppbygd sak.*

*Adm. direktør Varden innleia saka med:*

- *Budsjettet for 2021 er ei vidareføring av budsjettet for 2020.*
- *Proessen starta med stramme rammer som medførte eit innsparingskrav på 35,2 millionar. Av dette var 11,6 millionar knytt til budsjett-teknisk, slik at innsparingskravet for klinikkane vart 23,6 millionar*
- *Ramma frå Helse Vest vart styrka med 24 millionar i forhold til førebels ramme. I tillegg har Helse Førde fått 39,7 millionar til øyremekra midlar til å handtere konsekvensane av pandemien i 2021.*
- *Sentrale føresetnader og satsing i budsjettet for 2021:*
  - *Det er ikkje budsjettert med vesentlege endringar knytt til månadsverk*
  - *Budsjett for medikamentkostnader er styrka*
  - *Andre område som er styrka er: screening innan kreft, forskning og utvikling, simulering, drift og eigedom i samband med Dagabygget, bedriftshelsetenesta, midlar til gjennomføring av regionale IKT-prosjekt.*
- *Utifrå tilbakemeldingar i føretaket og forhold som er gjennomgått i budsjettprosessen, vil adm. direktør peike på følgjande risikoområde: Aktivitet og ISF-inntekt*
- *Budsjettprosessen i føretaket*

*Økonomidirektør Helleseth orienterte om budsjett 2021, som er ei vidareføring av budsjett 2020. Resultatkrav i 2021 er på 34 millionar. Rammene frå Helse Vest er:*

- A. Aktivitetsbaserte inntekter somatikk*
- B. Basisinntekter fordelt til føretaka*
- C. Øyremerka tilskot – Covid-19*

*Aktivitet Psykisk helsevern vert finansiert utanfor desse postane.*

*Fordeling ramme til klinikkane vart skissert.*

*Innsparingskrav på 35,2 millionar er fordelt til klinikkane med 23,6 millionar og budsjett-teknisk med 11,6 millionar. Budsjettert aktivitet i 2021 er 185 poeng høgare enn budsjett 2020. Veksten er innanfor Medisinsk klinikk.*

*Adm. direktør Varden korrigererte oversikten som viser vedlegg i saksframstillinga side 13.*

*Styreleiar Landstad oppsummerte med at budsjettet var eit godt utarbeidd dokument.*

*Honnør til tilsette og heile organisasjonen for godt samarbeid om budsjettet.*

*Drøftingsprotokoll gir signal om m.a. oppfyljing av prioriteringskriteria i den gyldne regel som vert fanga opp i styret. Det er stor tillit til at adm. direktør vurderer muligheten for ytterlegare oppfyljing.*

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2021 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret løpande gjennom 2021.

#### **Tilleggsframlegg frå styreleiar Landstad, med tilleggspunkt 4:**

*Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet og pasienttryggleik.*

#### **Votering:**

Adm. direktør Varden sitt framlegg til vedtak, med styreleiar Landstad sitt tilleggspunkt 4 vart samrøystes vedteke.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2021 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret løpande gjennom 2021.
4. Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet og pasienttryggleik.

**Sak 079/2020     Investeringsbudsjett 2021 – Helse Førde HF****Oppsummering:**

Administrerande direktør har tatt utgangspunkt i vedteke økonomiske langtidsplan (ØLP) ved utarbeiding av budsjett for 2021. Foreslege investeringsbudsjett for 2021 er på 318,1 millionar, medan langtidsbudsjettet la opp til å løyve 417,2 millionar. Redusert behov skriv seg frå lågare finansieringsbehov til prosjekt Nye Førde sjukehus i åra 2020 og 2021.

Dette er likevel ein auke i foreslått investeringsramme for 2021 samanlikna med økonomisk langtidsplan. Bakgrunnen for dette er at prognosen for 2020 viser eit resultat som er vesentleg betre enn budsjett. Samanlikna med økonomisk langtidsplan er ramma for medisinsk teknisk utstyr auka med 13 millionar, IKT med 1,0 million og ambulanse med 2,3 millionar.

Hovudsatsinga i 2021 er Nye Førde sjukehus (NFS) med mellom anna byggestart for Livabygget, ferdigstilling av Dagabygget, flaumvern og nytt vegkryss ved Førde sentralsjukehus. I tillegg er det løyvd midlar til arealplan Lærdal sjukehus. Utover investeringar til bygg er det sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT infrastruktur og til nye ambulansar.

*Adm. direktør Varden og økonomidirektør Helleseth orienterte om investeringsbudsjett 2021.*

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2021:

<b>Investeringsbudsjett 2021</b> (tal i tusen kroner)	<b>Budsjett 2021</b>
Brannsikring HF	1 000
Byggteknisk infrastruktur	11 600
Arealplan Lærdal	7 000
Nye Førde sjukehus	258 500
<b>Sum</b>	<b>278 100</b>
Medisinteknisk utstyr (MTU)	25 000
IKT	2 700
Ambulansar	12 300
<b>Sum MTU og andre investeringar</b>	<b>40 000</b>
<b>Sum investeringar</b>	<b>318 100</b>

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor investeringsbudsjettet si ramme. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Avtale om kontrakt for bygging av Livabygget, i prosjekt Nye Førde sjukehus, skal handterast som eiga sak i styret.
4. Styret ber administrerande direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøtet, i mai 2021.

### Saker til orientering:

#### **Sak 080/2020      Statusrapportering om forskning og innovasjon i Helse Førde**

##### **Oppsummering:**

Statusrapport om forskings –og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde er ein utfyllande rapport, som omfattar kva vi har arbeidd med innan forskning og innovasjon sidan førre rapportering til styret i juni 2020. Rapporten omhandlar:

- Klinisk behandlingssforskning
- Evaluering av dei strategiske forskingssatsingane og vegen vidare
- Status søknader
- Innovasjon

Korona-pandemien har også fått følgjer for forskings –og innovasjonsaktiviteten, og fleire prosjekt er vesentleg forseinka. Det er likevel god driv i arbeidet innan desse felta, og vi legg opp til ei gradvis opptrapping av aktiviteten også neste år.

##### *Forskingsleiar Solheim orienterte om forskning:*

- *Utvikling av campusområdet på Vie*
- *Oppfølging av strategi for forskning og innovasjon*

- *Klinisk behandlingsforskning*
- *Tildelte interne forskingsmidlar for 2021*

*Seksjonsleiar Mjanger orienterte om innovasjon:*

- *Bruk av drone i helsevesenet – fase 3*
- *Medlemskap i Norwegian Smart Care Cluster*
- *Innovasjonskonferansen 28. januar 2021 vert ein digital konferanse*
- *For å vere meir synleg for dei tilsette vert det etablert ein «innovasjonsboks» i vestibulen Førde sentralsjukehus*

*Styret takka for gode orienteringar om positiv aktivitetsutvikling innan forskning og innovasjon, som den halvårlege rapportering gir.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til vitende.

## **Sak 081/2020 Nye Førde sjukehus - løypemelding**

### **Oppsummering:**

Helse Førde gjennomførte 18. september 2020 ei intensjonskunngjering for å trygge at rettmessig anskaffing var gjennomført. Saka vart klagt inn for Klageorgan for offentleg anskaffing (KOFA). Dei har i sak 2020/718 den 26. november konkludert med at klagt blir avvist som uhensiktsmessig for behandling etter klagenemndforskrifta paragraf 9.

Delprosjekt Dagabygget er godt gjennomført både av entreprenør og prosjektleiinga i Helse Førde. Prognosen er at delprosjektet blir slutført til ein kostnad som er 10 millionar kroner lågare enn budsjett. Sluttsummen for delprosjekt Dagabygget er i prognosen sett til 339 millionar, inklusiv alle byggherrekostnader og meirverdiavgift.

For å kunne ta Dagabygget i bruk, må flaumvernet rundt sjukehustomta vere på plass. Dette arbeidet pågår for fullt.

Det er gjennomført ein uavhengig revisjonsgjennomgang av sjølvkostkalkylen til Veidekke. Hovudkonklusjonane i revisjonsrapporten tilseier at det vil vere grunnlag for å arbeide vidare med Veidekke.

Helse Førde gjennomførte 7. desember ein heildags drøftingsrunde med ei breitt samansett gruppe på over 70 personar frå driftsorganisasjonen. Målet med samlinga var å vurdere om Livabygget i åtte etasjer er rett prosjekt for Helse Førde, dersom vi endar opp med å utsetje ein del av ønska knytt til ombygginga i eksisterande bygg.

Den førebelse oppsummeringa syner at Livabygget + Svana 1 + Svana 2 er eit rett prosjekt sjølv om øvrige planlagde tiltak i Svanabygget blir utsette. Det var ulike kommentarar knytt til tilrådingane frå dei ni gruppene. Av kommentarane kan ein lese

at det blir svært viktig for Helse Førde å finne rom for Svana 3 til ein verdi av 70 millionar, slik at heilskapen kan gjennomførast i samsvar med kostnadmålet som styret vedtok i mars 2020 på 1803 millionar.

Administrerande direktør tek sikte på å fremje ei sak for styret 29. januar 2021 der styret tek stilling til om kontrakt for Livabygget kan signerast.

LUKKA DEL:

*Helseføretakslova § 26 a, 4. ledd*

OPEN DEL:

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek løypemeldinga til vitende.

**Sak 082/2020    Eventuelt**

Adm. direktør Varden orienterte om skriv frå ordførar i Høyanger kommune, med spørsmål om status og vidare framdrift i arbeidet med framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim. Brevet blir svart ut med henvisning til den regionale høyringsprosessen.

Høyring av regional plan for tverrfagleg rusbehandling vert lagt fram for styret i styremøte i januar 2021.

**Skriv og meldingar**

**Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:**

- Brev frå Høyanger kommune vedr. «Framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim», datert 04.12.2020
- Referat frå møte i felles brukarutval 26.10.2020

**Følgjande skriv og melding var utsendt til styret 17.12.2020:**

- Vedtak i FAMU 16.12.2020 knytt til utkast til budsjett og investeringsbudsjett 2021
- Drøftingsprotokoll frå møte med tillitsvalde 16.12.2020 vedr. utkast til budsjett og investeringsbudsjett for Helse Førde 2021

LUKKA DEL:

*Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd nr. 1*

**Sak 083/2020    Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn**

**Oppsummering:**

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

**Vedtak (samrøystes):**

Administrerende direktør si løn blir regulert med 1,7 %, med verknad frå 01.01.2020.

Ref. Berit Irene Haarklau  
18.12.2020

---

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem